



Grasdalen skule 11.05.20

Til elevar og føresette ved Grasdalen skule 5.-7.trinn

INFORMASJON VED OPNING AV SKULEN 12.MAI 2020

No gledar vi oss til å ta imot elevane i 5-7.trinn. De har allereide fått viktig og generell informasjon frå tenesteleiar skule og oppvekstsjef i Alver kommune i eige brev, og epost frå rektor fredag 8.mai.

Elevane på 5.-7. trinn får ny timeplan slik at dei skal vera på skulen frå kl 10.00 - 14.30 alle dagar, men onsdag til kl 13.45.

På denne måten klarer vi å halde avstand både ved skulestart, skuleveg, friminutt og på buss. Skyss og Vy er informert. Det går buss frå Ådland/Håtuft 9.15 som er ved busstoppet kl 9.45 for dei som ikkje klarer å ordne annan skyss. Elevar frå Litlebergen må gå, sykle, bli kjørt.

Oppmøte:

5.trinn :på baksida der 3.trinn pleier å gå inn. (Linda, Sissel og Tiril)

6a: utanfor eldør ved vindu til garderobe, på fotspor i asfalten. (Hanne, Sissel, Lise og Gunn Torill)

6b: utanfor vanleg inngang på fotspor i asfalten. (Trond, Lise, Nils Atle og Siren)

7.trinn: utanfor eldør langs vindu til klasserommet sitt på fotspor i asfalten. (Kjersti, David, Kjersti Aa)

- **FØR DET RINGER MÅ ELEVANE VERA FLINKE TIL Å GÅ RETT TIL OPPMØTESTAD OG HALDE AVSTAND 1 M FRÅ KVARANDRE UTE. VI SKAL HA TILSYN UTE OM MORGONEN.**

Dette gjer vi for å sikre ein forsvarleg og trygg start:

- **Ingen elevar eller tilsette skal komme på skulen dersom dei er sjuke.**
- Foreldre skal ikkje fylgje med inn på skulen
- Vi lærer elevane gode rutinar for handvask
- Vi hugsar å hoste i albogen
- Vi brukar våtserviettar og alkoholbasert desinfeksjon når vi er ute og på tur
- Vi organiserer elevane i mindre grupper
- Vi er mykje ute, både i undervisinga og på SFO
- Vi unngår store samlingar, også i garderoben
- Vi sørgjer for at elevane har fast plass med god avstand
- Vi har gode rutinar for måltid
- Vi hjelper borna å halde avstand i friminutta
- Vi passar på at borna ikkje deler nettbrett, og vi reingjer dei etter bruk



For kvart av punkta over har leiinga laga detaljerte planar som elevane og dei tilsette må fylgje. Dette er fulgt opp etter sjekklister i [Smittevernveileder for barneskolen](#) . Planane og sjekklister kan vera tilgjengelege dersom de ønske det. Vi heng oppslag synleg for elevar og tilsette til påminning og hjelp. Vi får ekstra reinhald frå reinhaldspersonar etter eigen plan i kommunen.

ØV GODT PÅ HANDVASKRUTINE HEIME – [RETT HANDVASK](#)

Elevane på kvart trinn er ein kohort. 6.trinn er delt i to kohorter 6a og 6b. På kvart trinn samarbeider kohortane i friminutt og på uteskule/tur. Vi er allikevel innanfor tilråding i veileidar med omsyn til tal på elevar. Kohortane skal så langt som råd leike adskilt ute, og vera på adskilte rom inne. Kvar elevgruppe får

- sine faste tilsette.
- sitt faste klasserom, og vi brukar alle rom på skulen.
- Fast inngong og garderebeplass, tildelt tid i garderoben gir avstand mellom elevane.
- Faste leikekassar med inneleikar og uteleikar
- Fast uteleik-område på skuleplassen og turområde etter ein plan som rullerer.
- Tildelt tid til friminutt

Elevane må ha med :

- mat i matboks og drikkeflaske med drikke.
- Eige penal med skrivesaker , blyant, fargar, viskelær og blyantspissar
- Gode kler etter veret – vi skal vera mykje ute
- Skule-pc som de har lånt heim, alle skulebøker
- Melding i meldingsbok dersom barnet er plaga av kjent allergi no.

MATPAUSE CA KL 12.00 - ELEVANE MÅ ETE FRUKOST HEIME

- **Bruk fråværstelefonen dersom eleven blir heime grunna sjukdom.**
- **Det er tilråding om å unngå kollektiv trafikk, og at elevane bør gå, sykle eller bli kjørt til skulen. Dei som bur nærast må gå og sykle!** Vanleg rutebuss skal gå som før til og frå skulen. Reglar for avstand gjeld, og de må førebu elevane på å fylgje dei reglane .
Vi organiserer i tilfelle bussvakt opp til busstoppet.
-

Ta kontakt dersom du har spørsmål, med kontaktlærer, eller meg på epost irene.hystad.hugaas@alver.kommune.no

Vel møtt til skulen TYS DAG 12.MAI! 😊

Venleg helsing Irene Hystad Hugaas, rektor